



Engelsvoll skule
Kunnskap og lek, mangfald og glede

Referat SU-møte Engelsvoll skule 10.01.23

Tilstades:

- Sandra Hageland, elevrepresentant
- Sol Hjelmervik , elevrådsrepresentant
- Mette Johnsen Monge – ansvarleg for elevrådet
- Brit Turid Nesse, tilsettrepresentant skule (lærarar)
- Karoline O.F. Barka, tilsettrepresentant skule (andre tilsette)
- Heidi Martby-Skogsholm, FAU-representant skule
- Torunn Grude, FAU-representant skule
- Benedicte Vik Reime, FAU-representant barnehage
- Kirsten Oddane Steinnes, FAU-representant barnehage
- Inger Ølberg Lode, styrar barnehagen
- Svein Egil Fatnes, tilsette barnehage
- Tonje Lindland, tilsette barnehage
- Kjersti Olimo Salte, kommunerepresentant
- Linda Refvik, rektor

Saksnr.	Sak:
09/22-23	Godkjenning innkalling og sakliste Ingen merknader
10/22-23	Godkjenning protokoll Ingen merknader
12/22-23	Orienteringssaker frå: <u>Elevrådet:</u> Elevrådet ynskjer å arrangere ein konsert før påske. Alle stega kan ha ein audition og bli kvalifisert. Kanskje konserten kan vere ein del av "Hei verden"-aksjonen?

Elevundersøkinga: Elevrådet var aktive i gjennomføring av elevundersøkinga. Bla var dei med på 6. og 7. steg og informerte om kva hensikta med undersøkinga er og korleis ein skal forstå spørsmåla.

Før jul arrangerte elevrådet teiknekonkurransen. Det kom inn over 100 teikningar. Det blei kåra 3 vinnarar som fekk premiar: Ein frå 1.-2. , ein frå 3.-4. og ein frå 5.-7. Vinnarteikningane er ramma inn og vil bli hengt opp på skulen.

Elevrådet vil gjerne ha kantine for elevar på 3.-6. steg: For eksempel kvar 3. tysdag for 3., 4., 5., 6. FAU er i utgangspunktet positive til dette, men har nokre spørsmål ang. finansieringa: Vil dei at FAU skal bidra økonomisk, skal elevane betale litt, eventuelt alt? Kva med elevar som ikkje har pengar å handle for? Det å ha kontantar kan bli problematisk. Fint viss elevrådet må komme med meir informasjon om dette.

FAU barnehage:

Sidan sist har dei arrangert Lucia. No er det foreldremøte til våren som står på agendaen og det å få hengt opp ei postkasse der foreldre kan melde inn spørsmål som dei ynskjer svar på.

FAU skule/SFO: Det er blitt arrangert både teaterkveld, juleverkstad og 100 års jubileum sidan sist. No til våren skal det arrangerast ope hus og dugnad. FAU har og ansvaret for eit foreldremøte til våren. Innhaldet i det foreldremøte vil bli drøfta på neste FAU-møte. 2 representantar frå FAU skal og vere med i gruppa som skal bearbeide resultat og tiltak frå elevundersøkinga. Dei som er med i denne gruppa er: FAU-representantar, tilsette, representantar frå elevrådet og rektor.

SFO: Denne hausten har det vore stor utskiftingar av vaksne.

Tilbakemeldingar frå foreldre er at foreldre er nøgde med SFO-tilbodet som Engelsvoll skule gjer. Det er gode opplegg i feriar og det viktig at elevane får velgje aktivitetar som dei vil vere med på. På papiret er det nok bemanning (1 vaksne pr. 10-15 born), men med tanke på at det er ei ujevn fordeling av born gjennom veka, kan det eit par dagar i veka vere problematisk. Det gjer at ein må ha inn vikarar for å ha forsvarleg drift. Det hadde gjort det lettare dersom alle borna var i SFO kvar dag i staden for at dei som har gratis SFO kan velje 3 dagar. Det vi ser då er at dei vel dei dagane skuledagane er korte. Neste år skal SFO vere gratis for både 1. og 2. stegselevar. Det gjere at vi må tenke enno meir sambruk med skulen. Dersom ordninga med 3 valgfrie dagar fortset, ser vi at utfordringane med bemanning kan bli ytterlegare utfordrande.

Kommunal representant/folkevald: Budsjett og bygg var agenda på sist kommunestyremøte. Eit anna tema som var opp er dei ulike planane som er utarbeida i kommunen: bla Kleppmodellen. Spørsmålet er korleis desse planane blir implementert og at det er viktig at politikarane får tilbakemeldingar på om planane fungerer i praksis. Ein ser at det lett kan skape misnøye dersom det i planar står kva born har rett på. Det viktige er

	<p>korleis planane verkar i praksis. Feks fekk kommunen ansvar for barnevernet. Viktig, men utfordrande å få den hjelpa ein har rett på og treng.</p> <p>Spørsmål til kommunal representant: Vi har born som har store utfordringar både i skuletida og i SFO- tida. Kva då med ressursar? I Klepp er det slik at SFO skal vere foreldrefinansiert. Det gjere det vanskeleg å få "endane til å møtast". Vi må for eksempel velje fagarbeidarar framfor personar med høgare kompetanse som for eksempel barnevernpedagogar.</p> <p>Barnehagen: Er allereie i gang med å tenke framover på nytt barnehageår. Tilsettingar, gode overgangar frå små- til stor avdeling. Det er gjort endring av opptaket av born neste barnehageår. Barnehagen får vite kor mange plassar dei har på dei ulike avdelingane . Det blir 2 småbarns- og 3 storebarns-avdelingar. Dei nye opptaksendingane gjere det meir forutsigbart. Elles så har ein et stort fokus på sosiale ferdigheiter som vennskap og det å lære å samarbeide med andre. Spesielt på dei store avdelingane, men og med dei små. Det er viktig å ha fokus på dette tidleg i livet. Barnehagen har fokus på at ungene skal trivast og at dei skal ha lyst til å komme her. I personalet arbeides det med planane, bla Kleppmodellen, der det handlar om både det å forstå dei og bruke dei aktivt. Både skule og barenhage gjer tilbakemeldingar på at Kleppmodellen er god, men samtidig er det utfordrande at den ligg litt føre oss. Viktig at vi får tid til å implementere verktøya og at vi etterlyser informasjon om nye verktøya som blir lagt til.</p> <p>Andre kommentarar: Det er fint med planar, men det viktigaste er at foreldre har god dialog med skulen og barnehagen. Ingenting kan fiksast i barnehage eller skule. Foreldre må forstå at dei har oppdrageransvaret. Framsnakke skulen og barnehagen og ta ansvar for dette. Viktig at lærar ringer og informerer, slik at det ikkje ryktes på "bygda".</p>
13/22-23	<p>Rekneskap</p> <p>Engelsvoll skule: Engelsvoll skule har eit budsjett som går i balanse +/- Pga høgt sjukefråvær, frykta vi eit overforbruk når det gjeld vikarbruk. Dette gjekk heldigvis fint. Vi kom ikkje så dårleg ut. Ekstrabevilgningar i løpet av skuleåret gjort at rekneskapan går nokonlunde i balanse. Rektorskifte kan vere ei forklaring når det gjeld anna innkjøp. Mykje blei ståande på vent. Av store investeringar denne hausten, har vi kjøpt inn 3 digitale tavler med stativ, nye Ipadar og eit par PCar til tilsette, ein TV og møblar. Av læremidlar valde vi lisens på skolestudio til alle elevar. Dette kalenderåret vil vi prioritere innkjøp av bøker til biblioteket og lærebøker. Vi må ha gode prosessar på val av lærebøker der lærarar får vere med å prioritere fag og vurdere dei ulike læreverka opp mot kvarandre.</p> <p>Når det gjeld rekneskap SFO så har vi eit overforbruk. I Klepp kommune skal SFO vere sjølvfinansiert og det ser vi er sær utfordrande. Vi på Engelsvoll ser at vi har elevar som treng ekstra oppfølging og i SFO tida og at ein</p>

	<p>vaksentetthet på 1 vaksen pr 10-15 born ikkje lar seg gjere på Engelsvoll skule. Vi har bla elevar på 5. steg som har krav på SFO-plass.</p> <p>Rekneskap Engelsvoll barnehage: Rekneskapet ser greitt ut og nytt utstyr er kjøpt inn no i desember. Refusjonar gjere at ein får litt ekstra. Fleire tilsette enn tildelte årsverk. Det har fungert.</p>
	<p>Eventuelt Ingen innmeldte saker til eventuelt</p>